




Nissedal kommune



**Uprioriterte tiltak/
Alternative innsparingstiltak
Budsjett/økonomiplan 2024 – 2027**

jf. kommunedirektøren sitt framlegg

Innhold:

1. Innsparingstiltak	s. 3
1.1 Heile kommunen	s. 3
1.2 Felles	s. 4
1.3 Eining for oppvekst og kultur.....	s. 7
1.4 Eining for velferd	s. 12
1.5 Eining for teknisk drift	s. 15
1.6 Plan	s. 17
1.7 Næring	s. 18
2. Upprioriterte tiltak	s. 19
2.1 Felles	s. 19
2.2 Eining for oppvekst og kultur.....	s. 20
2.3 Eining for velferd	s. 24
2.4 Eining for teknisk drift	s. 28
2.5 Plan	s. 30
2.6 Næring	s. 30

1. Innsparingstiltak:

1.1 Heile kommunen:

Innleiingsvis går ein gjennom tiltak som ikkje kan knytast til eit rammeområde, eller som gjeld heile kommunen/alle rammområda sett under eit.

Generelt driftskutt - "Ostehøvel":

I større kommunar vert ofte endringar i driftsnivå gjort ved rammeendringar for dei ulike driftseiningane, utan å knytte dei til spesifikke tiltak. I eit driftsbudsjett av Nissedal sin storleik er det meir naturleg å knytte endringane i ramme til kva tiltak dette gjeld. Då vert det ingen overrasking for kommunestyret kva konsekvensen av budsjettvedtaket gir. Det har til tider vore nytta generelt driftskutt også i Nissedal for å oppnå balanse i driftsbudsjettet. Her kan ein tenke seg ulike fordelingsnøklar, prosentvis etter brutto/netto rammer, lønsutgifter eller ei subjektiv vurdering av driftsrammene til dei ulike einingane. Om ei la til grunn netto driftsrammer ville 1% kutt svare til ei innsparing på rundt 1,5 mill.

Konsekvens:

På dei områda som har mykje inntekter/ekstern finansiering blir utslaga ekstra store, slik at belastninga einingane i mellom kan opplevast forskjellig. Men den største innvendinga mot denne måten å få budsjettbalanse på er at vedtakande organ for budsjett ikkje ser, eller kan vete, konsekvensane av sitt eige vedtak. Ein overlet då til administrasjonen å omsetje reduksjon av driftsramme til reduksjon i tenestnivå. I dette ligg då å gjere prioriteringar som normalt bør ligge til dei som vedtek budsjettet.

Auke av eigedomsskatt:

Kommunen har i fleire år hatt differensiert skattesats. Hus/hytter (bygg med eigen bustaddel) har i 2023 hatt eigen sats på 2,86%. Normalsatsen er 7%, som då gjeld for alle andre bygg/eigedomar. Dette vil seie kraftverk, næringsbygg og andre bygg vert skattlagt med høgaste sats, 7%. Her er det med andre ord ikkje noko inntekspotensiale/høve ti å auke. På hus/hytter står ein fritt til å velje sats mellom 1 -4%. I budsjettframlegget for 2024 er det lagt til grunn ei inntekt på 6,5 mill. på hus/hytter, som bygger på ein skattesats på 2,86%. Ved å auke promillesats med 0,5% til 3,36% t.d., vil dette auke inntektene med omlag 1,2 mill. Ved å auke til 4% i skattesats vil auke inntektene med 2,6 mill.

Konsekvens:

Innføring av eigedomsskatt på det nivået ein har valt, synast å ha blitt akseptert. Men ei auke av skattenivå kan sjølv sagt verke inn på denne haldninga blant publikum. Ein auke på 0,5% vil seie at ei hus/hytte med ein takst på 1 mill. får auka sin årlege eigedomsskatt frå kr 2.000 til kr 2.250. Ved å heve til 4% vil skatten for ei hus/hytte med takst på 1 mill. bli kr 2.800.

Utnytte reglar om minste tillatte avdrag på lån:

Jf. note i budsjett 2024 med berekning av minste tillatte avdrag syner dette at avdrag i 2024 er omlag 1,1 mill. høgare enn minimumsavdrag. Ein kan re-finansiere og frigjere 1,1 mill. til driftsføremål.

Konsekvens:

Det å legge seg heilt ned mote grensa for minste tillatte avdrag gjør til at ved endra føresetnader kan bli tvungen til å betale meir i avdrag ved oppgjer av rekneskapen. Det vil og gjere til at ein må vurdere nye investeringsprosjekt opp mot desse reglane. I tillegg kjem sjølv sagt og at lengre nedbetalingstid av lån gir høgare rentekostnad totalt sett. Med dagens rentenivå vil dette gje ein ikkje uvesentleg auke av total kostnad på investeringsprosjekt.

1.2 Felles:

Redusere møtegodtgjering i kommunestyret:

Møtegodtgjering utgjør kr 155.000,- inkl. arb.g.avg. Satsen for møtegodtgjering kan reduserast. Kostnad møtegodtgjering frå 2024 er kr 2.083,- pr. møte (kr 1.883 + avg.). Ved å gå ned til t.d. kr 300,- pr. møte ville ein spare om lag kr 130.000,-.

Konsekvens:

Økonomiske motiv er vel ikkje bakgrunnen for å taka på seg eit politisk verv. Men å forsterke inntrykket av at godtgjeringa er av symbolsk karakter kan innverke på motivasjon i høve til kontinuitet og rekruttering for politisk arbeid.

Redusere talet på kommunestyremøte:

Redusere talet på møter med ville gje ei innsparing på om lag kr 26.000,- pr. møte.

Konsekvens:

Redusere talet på møter vil truleg føre til lengre møter. Møta er i dag på ei lengde som må seiast å vere opp mot "kapasitetsgrensa". Skulle ein redusere talet på møter, måtte dette henge saman med ei gjennomgang av delegeringsreglementet, slik at talet på saker til behandling blei redusert. Men tida på sakshandsaming på saker som må til politisk handsaming ville uansett auke, då tida mellom kvart møte blir lengre.

Redusere talet på kommunestyrerepresentantar:

Kommunen kan gå ned på repr. til 11. Innsparing kr 90.000,-. Vil berre vere aktuelt å endre i forkant av ny kommunestyreperiode.

Konsekvens:

Reduksjon av talet på representantar vil "smalne" representasjonen i kommunestyret, i høve til parti, kjønn, alder, grender m.m.

Redusere godtgjersle til formannskapet og andre med fast godtgjering:

Fast godtgjering til formannskapsmedlemer (5% av ordførar utgjør kr 56.000 pr. medlem x 3) kr 168.000,-, 10% til varaordførar kr 112.000,- møtegodtgjering kr 2.083,- til varamedlemer, (alle tal inkl. arbeidsgjevaravgift/pensjonsutg.). Halvering av desse godtgjerslene ville gje ei innsparing på om lag kr 140.000,-

Konsekvens:

Å sitje i formannskapet er eit tungt politisk verv. Reduksjon av godtgjersla og/eller refusjon av tapt arbeidsforteneste kan innverke på motivasjon i høve til kontinuitet og rekruttering for politisk arbeid.

Reduksjon av godtgjering ordførar:

Ordførar i 100% kostnad kr 1.117.000 (inkl. sos. utg.). Dette jf. vedteke reglement som seiar at ordførar skal ha 85% av ein stortingsrepresentant si godtgjering. Ved å redusere godtgjersla til 80% av ein stortingsrepresentant si godtgjering gir dette ei innsparing på kr 66.000. Ved å redusere godtgjersle/frikjøp for ordførarvervet med 20% til 80% "stilling" ville dette gje ei innsparing på kr 223.000.

Konsekvens:

Eventuelle endringar i stillings-% ordførar bør gjerast før oppstart av ein periode. Dersom ein ikkje vidareførar frikjøp i 100%, kan dette i større grad resultere i nedgang i inntekt for ordførar i høve til tidlegare stilling. då det kan vere problem å kombinere ordførarvervet med ei anna deltidstilling. Det kan vere vanskeleg å "dele" opp opphavleg stilling. Ordførarvervet stiller i stor grad krav om å vere tilgjengeleg gjennom heile veka.

Alt av frikjøp og godtgjeringar for politikarar inngår i forskrift som normalt blir rullert av avtroppande kommunestyre. Det vil derfor vere mest aktuelt å vurdere endringar her i forkant av ny kommunestyreperiode.

Opplæringstiltak – Avsett pott heile kommunen:

Det er i budsjettet avsett kr 300.000 til fordeling av opplæringsmedel. Det er ikkje alltid organisasjonen kan vise akkurat kor mykje midlar som går til opplæring og kompetanseutvikling, sidan mykje av midlane går til vikarutgifter for at tilsette skal kunne delta på kurs. Det er i dag AMU som fordelar opplæringsmidlane. Etter arbeidsmiljøloven ligg det til AMU å fordele midlar til HMS-opplæring, men det kan vere aktuelt å organisere bruken av resten av opplæringsmidlane på andre måtar enn i dag. Målet med dette må i så fall vere å gjere meir effektiv fordeling og oppfølging av midlane. Det er viktig at det er rom for både etter- og vidareutdanning i alle delar av organisasjonen. Det er likevel mogleg å redusere ramma. Ein kan stryke denne posten og seie at all kompetanseheving skal dekkast over ramma til einingane (vil vere ein form for "oste-høvel).

Konsekvens:

I 2014 blei opplæringsmidla mellombels kutta heilt. Dette gav mange negative utslag i høve til kompetanseutviklinga. Sidan kompetanseutvikling er ei investering i framtidig utføring av kommunen sine oppgåver, kan reduserte midlar til opplæring i dag lett føre til auka kostnader på grunn av lite effektiv eller hensiktsmessig drift i morgon. Det ligg i tillegg mykje motivasjon i kompetanseutvikling, og mange tilsette kan bli mindre motiverte av at dei ikkje får den kompetanseutviklinga dei har behov for i jobben sin.

Redusere overføring til Fellesrådet:

Overføring til Fellesrådet er 2,7 mill. Overføring til Fellesrådet er ei rammeløyving. Det er slik sette ikkje så aktuelt å vurdere enkelttiltak her. Eventuelle kutt her må bli ved eit rammekutt. Eit rammekutt på 2% ville utgjere kr 55.000 for fellesrådet og tilsvarande innsparing for kommunen.

Konsekvens:

Store delar av budsjettet til fellesrådet er løn og lønsrelaterte kostnader. Andre store utgiftspostar er straum og forsikring som ein gjer alt ein kan for å halde så låge som mogeleg. Einaste løysing er reduksjon av stillingar. Dette vil truleg føre til redusert antal gudstenester og andre tilbod. Det vil bli endå vanskelegare å take vare på dei store kulturskattane som kyrkjene våre representerer og der det er eit stort etterslep på vedlikehald.

Overføring til frivilligsentralen:

Frivilligsentral er ikkje lovpålagt. Frå og med 2021 har statstilskot til frivilligsentral blitt utbetalt som eit særstilskot. Kommunen bidrar i tillegg med eit kommunalt tilskot på kr 328.000. Det er gjennom forskrift bestemt at fordeling mellom stat og kommune skal vere 60/40. Det vil derfor vere eit vere eller ikkje vere for frivilligsentralen å halde tilskotet på dagens nivå. Men ein kan velje å kutte tilskotet og dermed legge ned frivilligsentralen, med ei innsparing på kr 328.000.

Konsekvens:

Bortfall av kommunalt tilskot og dermed også statleg tilskot vil leie til at sentralen ville bli lagt ned. Det gode tilbodet som sentralen gir til eit bredt spekter av innbyggjarar ville då forsvinne. Sentralen har dei siste hatt eit høgt aktivitetsnivå som må seiast å bety mye for mange.

Ikkje ta inn lærlingar:

I budsjettet er det ein utgift knyt til lærling på kr 260.000 (netto ved omsyn til tilskot). Ved å slutte å gje tilbod til lærlingar kan dette omdisponerast.

Konsekvens:

Ei satsing på lærlingar gjerast både for å ta eit samfunnsansvar for opplæringa, sikre tilflytting/tilbakeflytting og for å sikre eiga rekruttering på arbeidsområde som vi reknar med vil vekse i åra framover. Kommunen betalar ein lærling berre for den tida han eller ho yter verdiskaping i kommunen, og det blir gitt dels stønad for den opplæringa vi gir.

Legge til grunn at lærlingar inngår i verdiskapinga:

I dag går lærlingar fullt ut på «toppen» av ordinær bemanning. Dersom ein la til grunn at lærlingar utgjer ein ressurs i høve til verdiskaping og at dei kan redusere behovet for vikar/overtid ville dette gje ei innsparing totalt sett. Ved å sette dette til halvparten av lønskostnaden til ein lærling ville dette utgjere ei innsparing på kr 180.000.

Konsekvens:

På mindre avdelingar vil det vere vanskelig å klare å oppnå ein effekt i innsparing tilsvarande halvparten av lønskostnaden til ein lærling. Det er og stor variasjon i effektivitet/nytte ei avdeling har av ein lærling. I dei høve der lærlingen ligg i nedste del av skalaen i høve til nytte/effektivitet vil det vere vanskelig å hente ut ein effekt i høve til vikarbruk/overtid. Men dette har i eit par tilfelle blitt tatt inn lærlingar med tanke på inndekning på vikarbudsjett/vakante stillingar. Dette har synt seg å fungere og vere vellykka.

1.3 Eining for oppvekst og kultur

Avslutte tilbud om gratis skulemat for ungdomsskuleelevar

Nissedal ungdomsskule har hatt eit kantinetilbod til elevane i fleire år, der alle må betale rimelege prisar for mat, og ein har hatt ein kantinetilsatt i 38% stilling. Hausten 2022 blei det innførte gratis skulemat til elevane i ungdomsskulen. Stillinga til den kantinetilsette blei auka til 60% for å ha nok tid til å produsere maten. Elevane får varmmat 3 dagar i veka og brødmatt dei andre 2 dagane. Tilbodet har vore populært og noko elevane har nytta seg av.

Viss ein går attende til det tidlegare tilbodet med eit mattilbod, der elevane betaler for måltida, vil ein kunne redusere stillinga til 38% og spare lønsutgifter, samt å redusere utgifter til gratis mat og auke inntektene på sal.

Innsparingspotensiale:

Kutt i stilling: 124.000

Reduksjon i innkjøp av varer og auke i sal: 230.000

Total innsparing: 354.000

Konsekvens:

Tilbodet til elevane i ungdomsskulen vil bli dårlegare, fordi ein del av elevene/heimane ikkje ønskjer å betale for maten i kantina. Nokre elevar vil heller ta med mat heimefrå. Og nokre elevar vil gå heile dagen utan å ete.

Ein annan konsekvens er at ein mistar ein viktig sosial arena for førebygging av mobbing. Kantina har blitt ein naturleg møteplass gjennom skuledagen, der elevar er saman, eter og sosialiserer. Dette bidrar til å styrke relasjonar mellom elevar.

Stillinga til kantinedarbeidar vil måtte reduserast frå 60 til 38%. Men ein vil kunne tilby den tilsette tilsvarande ledig stillingsprosentar i skulen, slik at ein unngår overtalligheit.

Ein har nettopp motteke eksterne midlar frå fylket/Liv og Røre til å oppgradere kantina for å møte behova med tillaging av mat til heile ungdomsskulen. Det vil vere eit brot mot denne tildelinga og ei nedlegging av tilbodet.

Barnehagestruktur

Nissedal kommune har desentralisert barnehagestruktur. Ei slik barnehagestruktur fordrar at ein har gode og fullverdige tilbod i alle barnehagane. For å møte bemanningskrav og pedagogkrav kostar derfor ein barnehage for nokre få barn nesten like mykje som barnehagar med fleire barn i.

Dersom ein kjem i ein situasjon der ein må prioritere hardt, er det naturleg å sjå på barnehagestrukturen. Per i dag har vi 53 barn i barnehagane totalt i Nissedal kommune. 16 av desse er frå 0-2 år, og tel to plassar. Altså tek vi nå i bruk 69 plassar.

Om ein har ein kommunal barnehage i Treungen, vil vi gå over godkjenningstale på 60 plasser, og dermed vil ein måtte sjå på høve til å auke plassar Treungen barnehage er godkjent for, eventuelt bygge ut.

Dersom ein beheld barnehagen i Kyrkjebygda, slik at ein bevarar oppvekstsenteret, men berre tilbyr barnehageplass i Treungen for resten av kommunen vil reknestykket sjå slik ut:

Tal på barn: 45 barn, herav 14 under 3 år, 59 plassar. Her tek vi høgde for at alle har full plass. Det er ikkje tilfellet i dag.

Ein vil då få plass til alle i Treungen barnehage.

For desse 59 plassane vil ein trenge 600% pedagog (inkludert spesialpedagogstillinga) og 500% andre tilsette i barnehage. Ein vil og måtte styrke SFO på Tveit med 100% stilling dersom SFO-tilbodet på Felle og Fjone skulle falle bort.

I dag har vi 850% pedagog og 950% andre tilsette i barnehage.

Ein vil kunne spare inn 250% pedagogstilling, om lag 1,9 millionar årleg

Ein vil kunne spare inn 350% fagarbeidar/assistent (gitt at 100% blir overført til Tveit SFO), også om lag 1,9 millionar årleg.

Andre driftsomkostingar og brukarbetaling i desse to grendebarnehagane vil bortfalle men vil bli tilført Treungen barnehage.

Nedlegging av desse to barnehagane til saman vil resultere i at om lag 6 stillingar blir overtallege. Nedbemanningssprosess etter reglement om dette vil bli sett i verk.

Innsparingspotensiale:

Redusere om lag 600% stilling totalt, 3, 8 millionar i lønsutgifter.

NB! Ein legg ikkje opp til ei ordning med å tilby kommunal støtte til kjøp av barnehageplasser i andre kommunar eller skyssordningar.

Konsekvens:

Det er store konsekvensar for familiarne som bur i desse grendene med tanke på logistikk ved henting og bringing opp mot arbeidssituasjon. Samtidig kan ein sjå fordelane av større barnemiljø og fleire vener å velje mellom. Ein påstand kan vere at ein er nokså sårbar i små miljø om ein fallar utanfor.

Konsekvensar for tilsette er tap av arbeidsplass og omplassering, Barnehagane har nyleg hatt ein nedbemanningssprosess som har opplevast som vond for dei berørte arbeidstakarane.

Med 59 av 60 godkjente plassar i bruk, vil ein ha lite fleksibilitet for opptak gjennom året, og heller ikkje ledige plassar slik vedtektene per i dag legger opp til. Ein vil då nytte barnehagen i Kyrkjebygda ved nye søknadar om plass gjennom året. Dette vil i stor grad påverke høve til mottak av flyktningar i Treungen gjennom året, samt barnehageplass for nye innbyggjarar generelt. Ein vil i såfall måtte vurdere å bygge ut Treungen barnehage arealmessig. På bemanningssnorm er det framleis noko å gå på.

Skulestruktur

Ein ser ofte på nedlegging av barnehagar som eit innsparingstiltak. Samtidig har vi to skular i Nissedal kommune, med under 200 elevar totalt i kommunen.

Argument for å slå saman dei to skulane, og behalde noverande barnehagestruktur er:

- 1) Dei minste barna våre får behalde eit trygt og godt barnehagetilbod i sitt nærmiljø
- 2) Det lettar familiarne i grendene sin kvardag å ha barnehage i grenda
- 3) Dei eldre barna/elevar får eit større sosialt miljø

Ved å legge ned skulen ved Kyrkjebygda oppvekstsenter, og berre behalde barnehagen og SFO der, vil ein få slike samla elevtal hausten 2024:

Klasse	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Elevar	11	14	22	15	20	22	14	18	21	20

Innsparingspotensiale

Som ein ser av tabellen over, vil ikkje klassene være større enn at ein kunne ta i bruk eksisterande lærarkrefter på Tveit skule. Elevar med særskilte behov vil trenge å få overført sin ressurs.

Lønnskostnadar ved skulen i Kyrkjebygda er i dag på om lag 4 millionar. Om ein overfører 1 lærarstilling til å oppretthalde spesialpedagogiske behov, stipulert til 750 000 kr med sosiale utgifter m.m., er det eit innsparingspotensiale på 3,25 millionar årleg i eit slikt tiltak.

Dette kan sjølvstendig endre seg ved slik flytting. Eit barns behov kan godt endre seg ved endring i skuledagen i form av lærar, struktur, miljø, talet på elevar i gruppa med meir. Elevar utan vedtak i dag kan få det ved større endringar i ovannemnte faktorar og nye behov kan melde seg. Dette er ikkje godt å spekulere i på førehand.

Andre budsjettposter vil i stor grad følgje elevane til Tveit skule.

SFO ser ein for seg at blir verande på oppvekstsenteret, så lønsutgifter og detaljbudsjett består der for SFO.

Konsekvensar:

Eit flott nytt oppvekstsenter blir ståande utan skuledrift. Oppvekstsenteret blir borte, og vi mister ein verdifull arena både for barn og unge i grenda, men for lokalsamfunnet som heilskap.

Ein må sette i gang ein omfattande og belastande nedbemanningssprosess.

Nokre elevar vil oppleve det som vanskeleg med overgangen frå å gå på ein liten grendeskule til ein ny kvardag ved Tveit skule i Treungen. For andre vil dette vere ei ønskt endring med større klasser og betre sosialisering tidlegare enn i dag.

Kutte ut kommunal reduksjonsordning for foreldrebetaling i barnehage og på SFO

Regjeringa har gode ordningar på reduserte satsar for familiar med låg inntekt. Ingen skal betale meir enn 6% av inntekta si på barnehage- eller SFO-plass. I tillegg er det gratis kjernetid i barnehage og 12 timar gratis SFO for 1. og 2. klasse.

Kommunen har eit eige reglement for foreldrebetaling som gir familiar med låg inntekt større reduksjon enn det som er lagt opp til av staten.

Pr i dag gjeld dette for:

Barnehagebarn:

7 barn med 100% kommunal sats (400,- for 5 dagar i veka): 2800 kr

3 barn med 80% kommunal sats (310,- for 4 dagar i veka): 930 kr

SFO:

4 barn 13-20t/veke kommunal sats (400,- - full SFO plass): 1600 kr

Noverande brukarbetalingar (inntekt) på denne gruppa: 5330 kr

Med regjeringas satser vil ein gjennomsnittsinntekt på 270 000 gi etter reduksjon og gratis kjernetid ein kostnad på 820kr for full plass, noko som tilseier 656 kr for 80% plass.

På SFO gjeld dei same 6%, i tillegg er det gratis 12 t for 1. og 2. klasse.

Dersom ein legg til grunn gjennomsnittet for inntektene på 270K og ei potensiell auke i inntekter etter regjeringas reduksjonar ville vi få inn:

Barnehagebarn:

7 barn med 100% plass: 5740 kr

3 barn med 80% plass: 1968 kr

SFO:

4 barn 13-20t/veke: 3280 kr

Totalt per måned: 10 988 kr

Potensiell auke i inntekter per måned: 5658 kr

Årsbasis:

Barnehage: 43 758kr (11 mnd)

SFO: 16 800 kr (10 mnd)

Totalt: 60 558 kr

Konsekvens: Nokre familiar vil oppleve å få høgare utgifter til barnehage og SFO, men aldri meir enn 6% av inntekta, jf. statlege retningslinjer.

Konklusjon: Kommunen kan ved å fjerne den kommunale ordninga med ekstra reduksjon i brukarbetaling auke inntektene sine med om lag 60 000 kr årleg.

Skulefrukt

Nissedal kommune betalar i dag for skulefrukt for alle elevar. Det er eit godt tilbod som favnar om alle elevar. Nasjonal fruktordning har opphøyrd, så dette er ikkje ei lovpålagt teneste.

I 2021 kosta det om lag 80 000 kr å betale for denne skulefrukta. Dette er penger in kan spare dersom ein vel å avslutte tiltaket. Samtidig er det viktig å vere klar over at for mange elevar er dette ein av få kjelder til frukt/grønt dei får i løpet av dagen. Fordelane med frukt og grønt opp mot læring er godt kjende og bør takast med i vurderinga. Det blir i dag bestilt opp frukt til 70% av elevtalet, for å redusere svinnet vi så tidlegare. Dagens nivå er bra, dersom tiltaket held fram.

Potensielt kutt: 80 000 kr.

Skuleekskursjonar:

Om ein tek vekk deltaking i Tine-stafetten, skidagar til Gautefall, felles møte mellom alle elevane i Nissedalsskulen etc., kan ein spare noko, anslagsvis kr 40.000.

Konsekvens:

Mindre variert fysisk aktivitet. Færre avbrekk – dagar elevane ser fram til.

Ein får ikkje høve til å gjennomføre "Plan for overgangar". Den inneber at alle elevane i ved skulane i Nissedal møtast nokre gonger i året for felles arrangement og undervisning.

Mindre bruk av nærmiljøet. Redusert lokalkunnskap

Redusere kursbudsjett

Kursing og opplæring er ein viktig del av å syte for at tilsette er fagleg oppdaterte. Samtidig bidreg kursing til meir motivasjon og inspirasjon. Likevel melder fleire av avdelingsleiarane i eininga om at dersom ein må spare, er dette ein post som er mogleg å ta frå. Det er ikkje ønskjeleg, men sett opp mot reduksjon i bemanning er det meist fornuftig å kutte i kursmidlar.

Innsparingspotensiale i eininga: 50-100 000 kr.

Kutte kulturmidlar og prosjektmidlar til lag og organisasjonar:

Kutte tilbodet om støtte til drift og prosjekt for lag og organisasjonar i kommunen. Årleg deler eining for kultur ut kr 125.000,- til dette.

Konsekvens:

For mange av dei frivillige laga i kommunen, er kulturmidlar den einaste støtte dei får til drift. Det vil ha ein konsekvens for fleire av laga som ikkje har andre inntekter, om støtta frå kommunen fell bort. Støtte til lag og organisasjonar i ein kommune er ikkje lovfesta, og kommunen kan såleis velje om dette er midlar som ein ynskjer å dele ut. Konsekvensen kan vere at det rike frivillige livet i kommunen kan ha vanskeleg drift, og bli mindre mangfaldig enn det er i dag.

Avvikle tilbod om kino:

Bygdekinoen har eit budsjett på kr 83.000 der det meste av dette går til løn. Det er kino i Fleirbrukshuset to gonger i månaden og det er bygdekinoen som viser film. Bygdekinoen har lagt om til digital framsyning og vi får eit utval av dei nyaste filmene, tidleg. Om ein legg ned tilbodet om bygdekino, vil det gje ei årleg innsparing på kr. 88 000.

Konsekvens:

Kino i Fleirbrukshuset har blitt eit svært populært tilbod, noko mange gleder seg til. Dette er eit tilbod mange vil sakne om det forsvann. Næraste kinoar er Arendal, Porsgrunn/Skien og Seljord. Det er bygdekino i Åmli.

1.4 Eining for velferd

Redusere årsverk praktisk bistand – heimehjelp:

Per i dag er det 40 personar som mottok praktisk bistand - heimehjelp i Nissedal kommune. Denne tenesta er heimla i Helse og omsorgstenestelova og er lovpålagt. Det er ikkje mogeleg å avslutte ein teneste, dersom behovet ikkje er opphørt, men ein kan å ned på kvaliteten av tenesta. Ved å tilby heimehjelp sjeldnare, kan ein gå ned 0,4 årsverk. Per i dag tildeles tenesten med eit intervall på kvar 14 dag eller kvar veke, avhengig av behov. Ved å redusere kvaliteten på denne tenesta, kan det vere mogeleg å ta ned 0,4 årsverk i heimehjelp. Dette løysast ved at ein tilbyr tenesta heimehjelp med ein anna intervall. Til dømes kan dei som bur ute i bygda få tilbod om heimehjelp kvar 4 veke medan dei som bur i omsorgsbustad og har et høgare bistandsbehov, få tilbod om heimehjelp kvar 3 veke.

Innsparingspotensiale:

Reduksjon av 0,4 årsverk vil gje ei årleg innsparing på om lag 160.000,-

Får å få dette til, må ein redusere stillingsprosent på dei allereie tilsette heimehjelparane. Sum innsparing er utan påslag for pensjon og arbeidsgivar avgift.

Konsekvens:

Fleire av dei som mottok heimehjelp i dag, er null- brukarar. Det vil seie, at dei ikkje har andre tenester enn heimehjelp. Heimehjelpa har difor ei viktig rolle, når det gjeld å oppdage endringar hjå brukar, anten i funksjon eller adferd. Heimehjelpa melder då ifrå til heimetenesta eller tenestekontoret og dette er med på å tidleg fange opp behov hjå kvar enkelt. Ein kan då vere tidleg inn med tiltak, slik at ein kan syte for at dei kan klare seg lågare ned i omsorgstrappa. Dersom ein reduserer på kvaliteten av denne tenesta må ein anta at ein får auka behov for andre helsetenestar tidlegare enn ein ynskjer og vil ikkje vere i tråd dreinga mot meir heimebaserte tenestar.

Reduksjon av sjukeheimplassar på NOS:

Ved å legge ned 2 langtids plassar på institusjon kan ein spare inn på personale med 3 årsverk, ein kan ta ned bemanninga med ein på kvart skift dag og kveld.

På 12 plassar i dag er det 2 personale morgon og kveld på somatisk avdeling (6 plassar) og 2 personale morgon og kveld på skjerma avdeling (6 plassar).

Ved å redusere plassar til totalt 10 kan ein tenke seg at bemanninga kan vere 3 på dag og 3 på kveld på dei 10 pasientane.

I skrivande stund 2 ledige langtids plassar. Ein kan anta jf. omsorgsplanen, at behovet dei neste 2-3 åra vil ligge i same sjikt og at ein difor for ein periode kan ta ned 2 sjukeheimplassar.

Innsparingspotensiale:

Ved å ta ned 3 årsverk vil ein få ein årleg innsparing på kr 1.992.000,-

Konsekvens:

Å redusere langtids plassar i ei tid med auka behov hos befolkninga kan gå ut over dei som treng det aller mest. Det kan skape vanskelege saksbehandlingar og påføre både saksbehandlar og befolkninga stor belastning. Ein kan au risikere venteliste, som vil medføre auka arbeidspress og belastning på heimetenesta, då innbyggjar med krav om sjukeheimplass har rett til å få dei same tenestene levert heime, i påvente av ein langtids plass. Dette vil

utfordre heimetenesta både personellmessig men au økonomisk, då ein kan få lengre periodar med auka innleige. Med lite tilgang på vikarar, vil det blant anna føre til overskridelse i overtidsbudsjett. Me har i dag ingen venteliste på langtidsplass.

For pasientane som allereie er på institusjon vil ein endra organisering skape uro og påvirke adferd hos allereie svært sjuke bebuarar. Dei to avdelingane er i dag adskilde, slik at dei med behov for å vere på skjerma avdeling, får ein roleg og forutsigbar kvardag. Ved ein reduksjon av tilsette, vil det krevje, at ein ser på sjukeheimen som ein avdeling, der dei 3 som er på jobb, må samarbeide om dei 10 bebuarane. Det vil bety, at ein ikkje lengre kan ha adskilte avdelingar, bebuarane vil bli urolege, uønska adferd vil auke. I tillegg vil det bety, at fleire må vente med å få morgonstell og frukost, då der er fleire bebuarar som krevjar 2 tilsette i stell. Det er då berre 1 tilsett igjen, til å ta seg av dei resterande bebuarane.

Å redusere bemanning til dei sjukaste i kommunen vil ha konsekvensar for dei tilsette. I ein allereie hardt belasta arbeidsdag vil motivasjon hjå dei tilsette bli påverka og det vil gå ut over rekruttering til institusjonen, noko me allereie har i dag. Sjukeheimen har i dag eit relativt høgt sjukefråvær på rundt 10 %. Ved å redusere bemanning kan ein anta at sjukefråværet vil auke, som konsekvens av ei lågare bemanning. Årsturnus innførast frå januar 2024 og ein vil kunne bruke noko av årsverka der. Det kan bli aktuelt å måtte omplassere eller seie opp tilsette.

Når eldrebølga kjem vil me stå dårleg rusta til å møte den både med antal plassar og bemanning.

Legge ned lågterskeltilbodet, Fredagsgruppa, på Mila aktivitetssenter:

Tilbodet på Mila annankvar fredag er eit lågterskeltilbod der ein ikkje treng henvisning for å ta kontakt og hjelp. Fredagsgruppa starta opp i 1999 og har 20 års drift. Totalt har 44 personar nytta dette tilbodet. 28 personar har nytta tilbodet fast over mange år. Fredagsgruppa har gitt desse personane og deira familiar ein betre kvardag. Tilbodet blei frå 2020 redusert frå kvar fredag til annankvar fredag. Det er i dag 10 brukarar av tilbodet.

Legge ned Fredagsgruppa vil gje ei innsparing på ca. kr. 60.000,-.
For å få økonomisk effekt må 10% stillingsressurs avviklast.

Konsekvens:

Det kan bli meir naudsynt med hjelp frå spesialisthelsetenesta og meir bruk av kommunal psykisk helseteneste. Over tid har ein sett at samling av personar med psykiske vanskar/utfordringar har hatt stor nytteverdi for både den enkelte brukar og tenesta. Fleire av brukarane vil miste sitt einaste tilbod.

Redusere/ legge ned dagsenteret på Mila aktivitetssenter:

Mila aktivitetssenter gir tenester etter vedtak til vaksne personar med funksjonsnedsetjing, som treng kommunalt tilbod på dagsenter. 13 personar har tildela denne tenesta etter Helse- og omsorgstenestelova.

Mila aktivitetssenter gir tilbod om vidaregåande opplæring, språkpraksis, arbeidsutprøving/trening, arbeid med bistand, utplassering frå Tveit skule, sal av plassar, dagleg tilsyn, drift og utleie/lån av huset.

- Redusere aktiviteten på dagsenteret til 3 dagar i veka, kan gje ei innsparing på Ca. kr. 120.000,-. For å få økonomisk effekt må ein redusere bemanninga med 20% stilling.
- Legge ned dagsenteret alle 4 dagane i veka. Dette kan gje ei innsparing på kr 915.000,-. Det er lønsutgifter til ein tilsett i 80 % og ein i 20 %, i tillegg til driftsutgifter. Stillingane må avviklast for å få økonomisk effekt. Dersom ein legger ned Mila aktivitetssenter vil eininga for teknisk få innsparing til drift av bygning.

Konsekvens:

Målet til Mila aktivitetssenter er å bidra til at alle som nyttar tilbodet får ein aktiv og meningsfylt kvardag i eit sosialt fellesskap. Helse- og omsorgstenestelova §1.1. gir brukargruppa som nyttar dagsenteret, rett til denne tenesta. Eit redusert tilbod vil føre til færre aktivitetstilbod, mindre moglegheiter for brukarane og redusert moglegheit til å utvikle Mila aktivitetssenter vidare. I dag har tenestemottakarane vedtak om 4 dagars dagtilbod med tilrettelagt arbeid. Vert tilbodet ved dagsenteret redusert/ lagt ned må ein finne andre alternative aktivitetstilbod for å ivareta lovverket. Ein må finne andre alternativ til aktivitetar og egna lokalar tilpassa ny drift. Ein kan ikkje på noverande tidspunkt vite kor stort innsparingspotensiale denne reduksjonen/nedlegginga vil gje, sidan brukarane har ein lovfesta rett til denne tenesta. Eining for Velferd vil få ei auke i tenesta innan psykisk helse og ved Kåsa bu og avlasting, då brukarane vil oppleve eit dårlegare tilbod.

Brukarane av tenesta vil få dårlegare livskvalitet, då Mila er ein kjent og trygg plass, som gir eit godt tilbod til alle som oppheld seg der. Ein har sett effektane av nedstenging av dagsenteret under Korona tida no, og det har ikkje vore positivt. Brukarane vert meir urolige og utålmodige og det kan føre til ugreie situasjonar som reduserer livskvaliteten til brukarane og vil kunne krevje meir personale.

1.5 Eining for Teknisk drift:

Fjerne tilskot til privat veg:

Innsparing ca. kr 267.000. Kommunen gjev eit vedlikehaldstilskot på kr 12 pr. m til private vegar lengre enn 500m. I alt er det 16 vegar med i ordninga og veglengdene varierer frå 400 m til 5400 m.

Konsekvens:

Vil gje ein ekstra belastning for dei som bur i utkantane i kommunen. Kan gjennomførast på kort varsel.

Leggje ned kommunal drift av Fjoneferja:

Innsparing ca. kr 300.000 – 400.000. Kommunen sin kostnad er eit driftstilskot på kr 150.000 samt div. forsikringar, kontrollar og større vedlikehaldsjobbar. Det har i 2022/23 blitt gjennomført mye vedlikehald/repasjonar på ferja, den bærer preg av at den er frå 1976.

Kommunen har våren 2023 hatt møter med både politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen om Fjoneferja og mulig overtaking og fylkeskommunal drift. Signala er at dette truleg vil ta lang tid. Ein har derfor valt å jobbe med to ulike strategiar som omfavnar drift i dag og at fylkeskommunen i framtida overtar ferjesambandet. Kommunen legg opp til å drifte iht. kommunal driftsavtale med privatperson/ar. I den forbindelse krev Nissedal kommune at fylkeskommunen stiller med driftstilskot i storleik lik det kommunen har – ca. 1 mill. pr. år. På lang sikt jobbar ein mot at fylkeskommunen skal overta alt ansvar for drift av ferjesambandet. Det blir også parallelt jobba med ei utgreiing om å bygge bru over sundet.

Konsekvens:

Om drifta av ferga blir overtatt av Fylkeskommunen vil dette truleg ikkje ha nokon konsekvens for dei som bur på Fjone eller for turistnæringa, men kommunen vil kunne spare utgifter knytt til drift og vedlikehald. Eventuelt kan kommunen prøve og selje ferja til private aktørar, men har då inga påverknad på ferjetider og prisar, og dette kan ha negative konsekvensar for dei som bur på Fjone og turistnæring.

Privatisere kommunale vegar der det ikkje ligger kommunale VA-leidningar:

Vegar som er kommunale utan infrastruktur for VA er; Skokedalsfjellet-Skåli på Felle, Fjone-Fjalestad på Fjone, Nordbygda i Nissedal, Heimdalsvegen i Treungen. Reell innsparing vil vere ca. kr 380.000,-, dersom ein legg til grunn at oppsittarane av desse vegane då vil få tilskot for kommunal veg. Innsparinga vil hovudsakleg gjelde brøyting og strøing da alle vegane er asfaltera med unntak av Skålivegen på Felle. Vegar med kommunale leidningar kan også leggest ned dersom ein greier å framforhandle rettar til drift og vedlikehald av leidningsnettet, dette er truleg ikkje lett løysbart.

Konsekvens:

Vegane vert ført tilbake til oppsittarane. Krev ein lengre prosess og avklaringar med oppsittarar. Vil truleg ta 1 til 2 år frå vedtak er gjort til privatisering er gjennomført. Kan vanskeleg gjennomførast saman med fjerning av tilskot til privat veg.

Sele Hugsjåsund barnehage:

Bygget er ikkje lengre i bruk som barnehage og den delen står unnytta. Øvre etasjen nyttast av grendelaget. Sjølv om bygget ikkje er i bruk har ei kostnadar til drift. Om ein vel å sele bygningen vil ein kunne spare omlag 100.000,- i årlege driftskostnadar. I tillegg kjem også vedlikehaldskostnadar på bygginga.

Konsekvens:

Kommunen vil få eit bygg mindre å syte for vedlikehald av. Om ein skulle ynskje å starte opp igjen barnehagen på Haugsjåsund så vil ein ikkje ha tilgang til egna lokale.

Vedlikehald av idrettsanlegga:

Anlegga overførast til idrettslaga, innsparing ca. kr 25.000,- Kommunens drift går på grasklypping, vatning og anna vedlikehald på fotballbanane for Nissedal og Treungen idrettslag.

Konsekvens:

Idrettslaga får auka sine utgifter tilsvarande eller må høgne sin dugnadsinnsats.

Stenging redusert sesong av bassenget:

Eininga har ansvar for drift av symjebassenget i fleirbrukshuset. Ein har gått gjennom og prøvd å rekne ut kostnadene for straum og kjemikaliar. Straum er utfordrande å regne ut da det er ein straumålar for storskulen og fleirbrukshuset. Bassenget er i drift ca. 7 månader i året. Ein har kome fram til at ein har ein ekstra kostnad på straum og kjemikaliar på 100 -150.000,- pr. sesong. Ein har ikkje rekna inn timar for drift og reinhald da dette er rekna inn som ein naturleg del av arbeidsoppgåvene til vaktmeister og reinhald. I tillegg kjem evt. utgifter til reparasjonar og anna vedlikehald som er naudsynt. Oppgradering av bassenget vil gjerast saman med ombygging/oppgradering av storskulen/ungdomskulen. Ein kan vurdere å redusere antal veker/månader bassenget er opent, men dette vil gje ei svært beskjeden innsparing.

Konsekvens:

Bading er eit populært aktivitetstilbod til lokalbefolkning og hytteturistar vinterstid og er eit viktig tilbod til barn og unge i forbindelse med symjeopplæring i skulen. Bassenget nyttast også mykje av personer som har nedsett funksjonsevne som eit viktig ledd i trening/opptrening. Om ein stenger ned bassenget heilt vil desse aktivitetane forsvinne heilt ettersom ein ikkje har andre tilbod som kan erstatte dette.

Avslutte ordninga med sommarjobb for ungdom:

I budsjettet for 2023 blei det løyva kr 250.000 for å legge til rette for å gje ungdom sommarjobb. Dette for at ungdom/studentar som kanskje elles ville ha problem med å få sommarjobb kunne få eit tilbod. Erfaringa frå i sommar var positive. Ordninga gjorde til at det blei gjennomført diverse løpande oppgåver og vedlikehaldsarbeid.

Konsekvens:

Ved å ta bort denne løyvinga vil det på teknisk ikkje vere rom for å ta inn sommarvikarar. Ein vil då miste eit lite bidrag på å ta inn noko av det etterslepet som er på kommunale bygg.

1.6 Plan:

Auka gebyrinntekter/reduerte kostnader innanfor sjølvkostområda:

Sidan arbeidet med både kart/oppmåling og byggesaksbehandlinga er underlagt sjølvkost-prinsippet, er det eit mål å ha full inndecking på desse områda. I 2022 var dekningsgraden for oppmåling 104,8 % og for byggesak 126,3 %. Overskytande over full inndecking må setjast av på fond, og kan bare brukast til å dekke framtidige underskot på desse områda. Pr. 1/1-23 var sjølvkostfonda på høvesvis kr 721 773 og kr 1 281 404.

For 2023 blir dekningsgraden under 100 % for sjølvkostområdet oppmåling. Byggesaksområdet vil truleg kome nær balanse (100 %). Utsiktene framover er usikre. Gebyrsatsane blei haldne uendra frå 2022 til 2023, men bør nå aukast i samsvar med prisstiginga dei siste to åra.

Dersom nedgangen i byggeaktiviteten, og med den oppmålings- og byggesaksbehandlinga, blir meir permanent (dvs målbar over fleire år), må også kostnadene reduserast. Då desse i det vesentlege er lønskostnader, vil det bety stillingsreduksjonar.

Konsekvens/konklusjon:

Inntektsauke på sjølvkostområde som har under 100 % inndecking, reduserer bruken av sjølvkostfonda, men kan ikkje kome andre delar av den kommunale drifta til gode. Med store variasjonar frå år til år, er det ein fordel at det nå er bygd opp betydelege sjølvkostfond på begge områda. Dei vil kunne utjamne sterke svingingar, og hindre at eventuelle underskot vil påverke anna drift i kommunen. Underskot etter at eventuelle fondsavsetjingar er bruka opp, vil ha direkte negative verknader for heile den kommunale drifta, og må søkast unngått.

Utgiftsreduksjon utanfor sjølvkostområda:

Utgifter utanfor sjølvkostområda er i hovudsak lønsutgifter innom kommunal arealplanlegging (kommuneplan- og kommunedelplanarbeid). Dette er arbeidsfelt som kommunestyret har ønska å styrke, og der det også har vore eit ønske om å kunne utføre mest mogleg av arbeidet i eigenregi. Det ligg ikkje klare innsparingar i å setje bort slikt arbeid til private firma. Einaste innsparingsmoglegheten vil då vere å senke ambisjonsnivået innom feltet.

Konsekvens/konklusjon:

Erfaringar der kommuneplanane både i Kviteseid (2019) og Nissedal (2021) er reviderte i eigenregi, viser at dette let seg gjennomføre, at det sparer kommunane for konsulentutgifter, og at det gir eit større eigarforhold til planinnhaldet. Det same kan seiast om detaljreguleringsplanarbeid i eigenregi, jf. her planane *Jettegrytene m.m.* og *Tveitåsen bustadfelt*. Ei innsparing i form av mindre årsverk på kommuneplanarbeidet, vil slå negativt ut både for gjennomføringsevna og fagmiljøet.

1.7 Næring:

Redusere pott for næringsstøtte:

I budsjett for 2024 er det avsett (politisk/administrativt), kr 321 000 til næringsstøtte. I tillegg overføring til Telemarksvegen (kr 30 000) og overføring til friluftsrådet sør (kr 15.000). Total bruk av kraft-/næringsfondsmedel er kr 366 000. Bruk av kraft-/næringsfondsmedel er avgrensa gjennom vedtektene kva dei kan nyttast til. Men kraft-/næringsfondet kan nyttast til å finansiere delar av kommunal drift. Ved å redusere pott for næringsstøtte med 25% frigjer dette om lag kr 80.000.

Konsekvens:

Dette gir tilsvarande reduksjon i kva som vil bli gitt i næringsstøtte til etablering og utvikling av lokalt næringsliv. Kva konsekvens dette faktisk gir i høve til aktiviteten på dette området er sjølvstøtt vanskeleg å vere konkret på.

Redusere omfanget på turistinformasjonen:

Det har fram til og med 2023 vore ein avtale med ein næringsdrivande om drifting av turistinformasjonen. Avtalen har hatt ei økonomisk ramme på kr 130.000. Ved å halvere omfanget evt. sei opp avtalen kan det gje ei innsparing på kr 65.000.

Konsekvens:

Ved å ta bort eller redusere opningstidene på turistinformasjonen vil dette truleg påverke talet på turistar som stansar i sentrum, og nyttar seg av dei ulike tilboda som finnast i kommunen. Dette gjeld vel både reiselivsverksemdar og det øvrige næringsliv. Ved å redusere omfanget kan det og verke inn på interessa for ein næringsdrivande til å ta på seg oppdraget.

Redusere profileringstiltak:

Det er avsett kr 247 000 til Visit Telemark/ulike profileringstiltak. (fin. med næringsfondsmedel). Dette går til deltaking i ulike turistbrosjyrar og andre tiltak, først og fremst relatert mot reiseliv. Noko er bunde opp i avtaler, men på sikt kan det meste avviklast og gje ei innsparing på kr 247 000.

Konsekvens:

Dersom heile potten blir fjerna vil ikkje Nissedal figurere i noko turistbrosjyre og vil i turistsamanheng framstå meir eller mindre usynleg.

Avvikle ordninga med lønstilskot sommarjobb for ungdom:

Lønstilskot vert gitt med kr 35 pr. time i inntil 150 timar. Totalt kostar dette tiltaket om lag kr 41 000. Finansierte med næringsfondsmedel. Kan avvikle denne ordninga omdisponere næringsfondsmedel og spare kr 40 000,-

Konsekvens:

Ved t.d. redusere maksimum timar ned til 100 timar. Frigjer ein om lag kr 20.000. Tilskotet ville bli mindre pr. ungdom. Ville kanskje gjere til at færre arbeidsgjevarar nytta seg av ordninga og færre ungdomar får sommarjobb.

2. Uprioriterte tiltak:

2.1 Felles:

Lærling:

Kommunen har i dag 2 lærlingeplassar. Dette er meir enn "normen" i høve til folketal. Det dukkar til tider opp spørsmål om vi kan ta imot lærlingar der vi ikkje er istand til å ta imot på bakgrunn av at dei 2 plassane vi har er oppfylt. Spørsmål kan kome både frå lokale ungdomar og utanbygds. Ei auke i lærlingeplassar kan knytast opp til samfunnsansvaret i høve til å gje ungdom ein fagutdanning og kan vere ei god kanal til å rekruttere fagutdanna tilsette. I tillegg kan dette og sjåast i samheng med folketalutvikling. Ein lærlingplass kostar omlag kr 135.000.

Lønstilskot sommarjobb ungdom:

Kommunen gir kr 35 i timen i tilskot for sommarjobb til ungdom mellom 16-18 år. Denne summen har ikkje blitt endra på svært mange år. Ved å auke denne til kr 50 vil det seie å auke utgifta til denne ordninga med omlag kr 17.000 (er finansiert med næringsfond. Må derfor finne andre tiltak som kan finansierast med næringsfond om dette skal gje ei innsparing).

Felles tenestebil:

Det er nå to tenestebilar som nyttas av tilsette i heile kommunen. Ein Nissan Leaf (2021-mod.) og ein Skoda frå 2016. Skodaen har nå gått 175.000 km og det byrjar å dukke opp ulike tekniske utfordringar. Dersom ein framleis skal ha eit «pålegg» for tilsette å nytte kommunale bilar på tenestereiser bør dei bilane vi har til dette formålet vere av god teknisk kvalitet. Ny bil vil kosta ein stad mellom kr 350.000 til kr 450.000. Men det er viktig å peike på at det å ha tenestebilar tilgjengelig er eit rimelegare alternativ enn køyregodtgjersle.

2.2 Eining for oppvekst og kultur:

Oppgradering i Treungen barnehage:

Det er eit *prekært behov for oppussing* på «storesida» i Treungen barnehage. Storesida er svært forfallen og ber preg av mange års bruk. Kjøkkenet er gammalt og nedslitt, med synlege teikn på alderdom. Kledninga ved personalinngangen og på andre sida råtner. Dette er ikkje berre eit spørsmål om estetikk og fysisk miljø for barn og tilsette, men også ei kjend utfordring ved eit eventuelt besøk frå mattilsynet. Slitte overflater gir utfordringar med reinhald. Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular krev vedlikehald (og vedlikehaldsplan) mellom anna for å sikre godt reinhald.

Dette er blitt lovd prioritert høgt i vedlikehaldsplan for teknisk.

Utvida kulturskule:

Nissedal kommunale kulturskule har til saman, med lærarar og rektor, 162% stilling, fordelt på rektor og lærarar som underviser i song, gitar, bass, piano, teater og band.

På ordinære undervisningstimar er det 52 plassar i kulturskulen. Det har i mange år vore stor søknad på kulturskulen, og ventelister. Med det nye tilbudet om støtte frå kontingentkassa, er det no enno fleire born som kan søkje, men vi har dessverre ikkje nok plassar å tilby. Kulturskulen er ein svært god integrerings- og meistringsarena og det hadde vore fint å kunne tilby alle som ynskjer det, plass i kulturskulen.

På landsbasis går søkjartalet på kulturskulen ned, medan det i Nissedal går opp.

Om ein aukar ressursen i kulturskulen med 20%, vil det gje dei som står på venteliste kvart år, høve til å delta.

Kostnad 20% stilling: kr. 150.000.

Nytt opplag av Nissedal bygdesoge, Gard og Ætt Treungen sokn:

Bygdesoga gard og ætt i Treungen sokn er heilt tom. Dette er ein viktig del av vår kulturhistorie.

Ein ynskjer å trykke opp nytt opplag av denne boka, som omhandlar alle gardar og familiar som har budd på desse, i Treungen sokn.

Kostnad: kr 100 000 – 125 000 (avhengig av opplag 200-300).

Garantimidlar/pott til arrangement på kultur:

Det er behov for ein eigen pott til arrangement på Fleirbrukshuset. Budsjettet, slik det ligg no, gjev ikkje rom for større arrangement. Om ein ynskjer kulturkveldar og andre arrangement på eit litt høgare nivå, er det behov for ei ramme for dette. Ein vil sjølvstilt jobbe med å gjennomføre arrangement, men ein har ikkje råd til å ta risiko. Slik det er no, må alle arrangement stå seg økonomisk med ei lita kommunal ramme og billettinntekt. For å kunne gje eit breitt tilbod og å kunne produsere nokon framsyningar sjølve, som kulturkveld, bør ein ha ein pott til dette. Anten ved ei eingongsløyving i ein pott, eller som ei varig auke i budsjettet. Det er utdeling av kulturpris annankvart år. Dette er eit arrangement det er høge forventningar til, men som det ikkje er avsett midlar til i budsjett. Det bør settast av midlar til dette, då det ikkje har stått seg økonomisk dei siste åra det har vore arrangert.

Kostnad: 50.000,-

Reell medverknad for ungdomsrådet:

Reell medverknad er eit aktuelt tema, og noko ein lenge har arbeidd for å få godt grep om. Når vi skal involvere barn og unge stoppar det ofte opp ved "innspel" og "dialog", men ungdommen svarar framleis negativt på direkte spørsmål om råderett. Vi er stolte av å endeleg ha på plass eit vitalt ungdomsråd, som har vore etterspurt både politisk og administrativt. Det er likevel ein fare at også dette berre blir ein stad der ungdommen får kome med innspel, noko i dialog, men ikkje lenger. Vi ønskjer derfor å gje ungdomsrådet ein pott på 50 000 kr årleg som dei har råderett over, med nokre retningslinjer og under kyndig rettleiing av ungdomsrådet sin koordinator. Retningslinane kan vere at dei går til lokalsamfunnet, barn- og unge, osv. Døme på tiltak sett i gang av andre ungdomsråd med slike ressursar har vore å pusse opp noko på ein skule, nye leikeapparat, konsert, lan, osv.

Kostnad: 50 000 kr årleg

Trafikkavvikling rundt skuleområde:

I samband med utlysing av midlar for trafikkisikring frå Vestfold og Telemark fylkeskommune, TS-ordninga, har Tveit skule/Nissedal ungdomsskule og Kyrkjebygda oppvekstsenter, søkt om midlar til prosjektering av området rundt småskulen, vegen opp til Fleirbrukshuset og området rundt Kyrkjebygda oppvekstsenter.

Det er søkt om midlar til prosjektering i 2024, og ev søknad om gjennomføring i 2025.

Prosjektering skal sjå på korleis ein kan sikre dei mjuke trafikantane betre i trafikkavvikling på småskulen og opp til Fleirbrukshuset og ved Kyrkjebygda oppvekstsenter. Her er det fleire farlege kryss og areal der både mjuke trafikantar og bil møtast. Det er og uoversiktleg med av- og påstigning i buss saman med henting og bringing i personbil. Tiltaket er beskrive i lokal trafikkisikringsplan som naudsynt.

Det er innhenta pris på prosjektering frå Asplan Viak som tar føre seg heile området med 2 alternativ for gjennomføring og med tett dialog med SVV og kommune.

Kostnad: 670.000 eks mva

Ved tilskot til tiltaket, dekker det 60% av kostnad eks mva.

Ved tilskot frå Vestfold og Telemark fylkeskommune, vil ei prosjektering ha ein kommunal kostnad på kr. 268.000

Uteskur/ bod til Fjone barnehage:

I dag lagrer Fjone barnehage uteleiker i gangen på grendehuset. Leikene ligg som hindring for skilta nødutgang. Det er ingen andre plassar å lagre desse uteleikene i bygget som er tilgjengeleg for barna. Dette vil då bli eit HMS tiltak, både for barnehagen og for dei som bruker grendehus/ gymsal privat. Denne mangelen blir påpeika på alle vernerunder.

Kostnad: Ca. 30 000 kr.

Auke logopedressurs:

Nissedal kommune har i dag ein logopedressurs på 27%. Denne skal rekke til alle behov både i barnehage, skule og blant vaksne. Det er stadig fleire som får sakkunnig vurdering frå PPT der logopedhjelp er tilrådd. Logopeden skal i tillegg drive førebyggjande i barnehagane og i dei første skuleåra. Slik det er i dag har ikkje logopeden kapasitet til å innfri alle vedtak, og vi må leige inn hjelp utanfrå i store saker. Ein bør auke logopedressursen til 50%.

Kostnad på å auke logopedressursen med 23%: Omlag 150 000 kr årleg

Barnekoordinator:

I oppvekstplanen for Vest-Telemark er det lagt trykk på behovet for ein barnekoordinator i kvar kommune. Dette står i oppvekstplanen:

Likeverdsreformen har ført til fleire lovendringar som handlingsplikt når det oppstår bekymring for eit barn, samarbeidsplikt for instansar som arbeider med barn og unge og å opprette barnekoordinator når det er behov for å gi heilskap i tenestene.

Barnekoordinator er etablert for å koordinere arbeidet med barn og unge som har individuell plan og som treng hjelp frå tre eller fleire tenester. Det gjeld då barn som er i den raude delen av trekanten. Koordinatoren skal først og fremst arbeide for at alle instansar held seg til samhandlingsplikten og at familiane kan halde seg til ein person i staden for mange instansar. Det ligg i ansvaret til koordinator å sørge for at det blir laga individuell plan, og at denne blir følgt opp.

Ein barnekoordinator arbeidar tverrsektorielt, og kunne like gjerne lagt hos Velferd. Ein kan tenkje seg at oppdraget og ansvaret blir lagt til ei eksisterande stilling. Dette har vi stor tradisjon for i kommunen, mellom anna tidskrevjande roller som folkehelseansvarleg og sekretær for ungdomsråd. Ved å pålegge slike roller til allereie eksisterande og godt fylt stillingar, blir ikkje kvaliteten som ønskt. Talet på barn og unge i kommunen går kanskje ned, men krav til ulike oppgaver, oppfølging og samhandling aukar.

Barnekoordinatoren vil ha ei viktig rolle i å ivareta dei svakaste av våre barn og unge og deira familiar. Vi ønskjer derfor eit dedikert menneske til arbeidet, med avsett tid til arbeidet. 20% stilling vil vere eit godt utgangspunkt.

Kostnad: 20% stilling barnekoordinator, om lag 160 000 kr årleg

Nissedal studiesenter:

Hausten 2023 opna Nissedal studiesenter (NSS), som skal vere eit regionalt studiesenter. Nissedal kommune har hatt behov for eit studiesenter i lengre tid, og både kommunen sjølv, flyktingtenesta og næringslivet har uttrykt eit behov for å få på plass eit slikt studiesenter.

Kommunen toppar statistikk i Telemark for ungdom som ikkje fullfører vidaregåande skule. I tillegg er Nissedal lokalisert geografisk slik at verken ungdom eller andre kan bu heime og pendle til skulen. Som einaste kommune i fylket må all ungdom flytte fysisk ut av kommunen for å få utdanning på vidaregåande skule. Det same gjeld dei som tek grunnskule for vaksne. NSS skal tilby kurs/opplæring på høgskule/fagskulenivå, opplæring i vidaregåande fag og grunnskule for vaksne via et organisert tilbod, fram til eksamen.

Nissedal studiesenter er et samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen, og har hausten 2023 blitt heilfinansiert av tilskotsmidlar frå Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. Nissedal kommune har gjennom politisk vedtak støtta etablering av senteret, og innvilga 50.000 til administrasjon og rekneskap for 2023.

Behov for 2024:

Vestfold og Telemark fylkeskommune er ein viktig støttespelar i satsinga, og er positive til å støtte pilotprosjektet. Ein raknar med å få tilskotsmidlar i 2024, som dekker det alle meste av nødvendige utgifter. Ein vil og vil jobbe for å samarbeide tett med det private næringsliv der ein kan få støtte til mindre beløp.

Studiesenteret vil bli leia av rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule, og ha ein koordinator i 25% stilling. Mykje av undervisninga vil gå føre seg digitalt, men ein treng to pedagogar i mindre stillingar til rettleiing og støtte.

Kostnader i 2024:

Løn og sosiale utgifter koordinator og lærarressurs: 675.000

Administrasjon og husleiger: 380.000

Totale utgifter i 2024: 1.055.000

Konsekvensar:

Ein reknar med å få tilskotsmidlar frå Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse.

Søknadsfristen for dette er 1. juli 2024. Svarbrev og evt. tilskot vil bli utbetalt juli/august 2024.

Studiesenteret treng ein garanti/forskot på midlar frå kommunen inntil tilskotet blir utbetalt. Viss kommunen ikkje skulle få tilskot i 2024, er Studiesenteret avhengig av ein garanti for drifta gjennom budsjettet på 1.055.000.

Eit studiesenter vil gje høve for innbyggjarar utan studiekompetanse å skaffe seg det lokalt, utan å trenge å flytte. Det vil og gje andre innbyggjarar høve til å studere høgare utdanning medan dei bur heime, til dømes om det har familie og jobb i kommunen. Det vil og gje høve til flykningar å få kompetanse på vidaregåande nivå og høgare utdanning.

Solskjerming i barnehagane – uteområdet:

Alle dei 4 barnehagane i kommunen har behov for solskjerming på uteområda. Uteområda har lite trær og andre naturlege skyggeplassar.

Solskjerming skal dekke områder der barna sitter stille i lengre tid, til dømes i sandkassa.

Viser til forskrifter om «Helse og miljø i barnehagar, skuler og skulefritidsordningar»

2.Miljø- og helsekrav til virksomheter, § 4 Helsemessig tilfredstillande virksomhet.

Kostnad: ca.150 000,-

2.3 Eining for velferd:

Ergoterapeut:

I 2020 blei det lovpålagt for alle landets kommunar å ha ergoterapeut, Nissedal kommune er ein av dei kommunane som framleis ikkje har ergoterapeut.

Viss ein skal jobbe systematisk og målretta vidare med å dreie tenestane frå institusjonsbasert til heimebaserte tenestar, vil ein ergoterapeut vere sentral i dette arbeidet. Det vil vere fokus på kvardagsmestring, kor ergoterapeuten i samarbeid med tenestekontoret og heimetenesta bidreg til at me lukkast i dette arbeidet. Ergoterapeuten vil sikre tverrfaglighet, vere med å kartlegge i heimane og tilpasse bustader med ulike hjelpemidlar, slik at fleire kan bu heime lengre. jf. Punkt 4.2.4 i Omsorgsplanen . I tillegg kjem ordinære ergoterapeutoppgåver. Ein ser for seg ein stillingsprosent på 50 til dette. Det er ynskjeleg med ein full stilling, slik at ergoterapeuten blir eit bindeledd som kan spreie og implementere mestringstankegangen hos tilsette og innbyggjarar. Ein ser for seg, at resterande 50 % blir på Kåsa eller i heimetenesta.

Kostnad:

1 årsverk med ein årleg kostnad på kr 664.000,- Ein kan finne inndekning internt i eininga samt frå oppvekst med til saman 0,4 årsverk. Behov for friske midler til å dekke resten av stillinga (0,6 årsverk) vil vere kr 399.000,-

Kreftkoordinator:

Ein kreftkoordinator skal:

- bistå med å koordinere og legge til rette for kvardagen for kreftsjuke og pårørende på en best mulig måte
- ansvar for å samordne tilbod og tenester rundt kreftpasientar i kommunen.
- Bidra til gode rutinar og system for kreftomsorg i kommunen.

I omsorgsplanen punkt 2.8 beskriver behovet for ein kreftkoordinator i Nissedal kommune. Ein tilsett er i desember 2023 ferdig med 1,5 års vidareutdanning innan kreftomsorg og kommunen har då den kompetanse me treng for å ha ein slik funksjon. Det vil vere behov for ei dedikert ressurs for å ivareta dei som treng denne tenesta og at både brukarar, pårørende og andre samarbeidspartnere veit kven dei kan henvende seg til. Dette for å unngå fragmenterte og usamanhengande tenestar til denne brukargruppa, som er på det mest sjuke og sårbare.

Kostnad:

0,2 årverk med ei årleg kostnad på 160.500,-

Samfunnskontakt:

Samfunnskontakten blei oppretta som prosjektstilling allereie i 2021, finansiert med midlar frå statsforvaltar. Prosjektmidlane varer ut 2023 og det har vore ein tilsett i 40 % i prosjektet.

Samfunnskontakten har i denne perioden jobba direkte opp mot satsingsområdene i omsorgsplanen punkt 4.2.2 « Aktivitet og fellesskap» og har sørga for meir aktivitet, inkludering og fellesskap gjennom fylgjande tiltak:

- Måndagsgruppe: sosialt samvær som har smala både bygdefolk, bebuarar på institusjon og omsorgsbustadane. Blitt eit populært tilbod som stadig fleire nyttar seg av. Høgdepunktet er nok felles lunsj og felles song.
- Andakt: vert avholdt kvar onsdag kor ein ser at stadig fleire bygdefolk kjem innom. Det er blitt et fint samlingspunkt og det er sosialt samvær etter andakten, kor folk får vere sosiale og hygge seg.
- « Innsats for andre»: eit valfag i 9 trinn som er blitt populært hjå elevane. I år er det 6 elevar som har dett som valfag 1 gong i veka. Dei kjem då til NOS og utførar ulike aktivitetar med bebuarane som å gå tur, syngje, snakke saman, spille spel. Dette er noko som settes pris på av både bebuarar og elevar. Det er au ein ypparleg arena for framtidig rekruttering til omsorgsfaget.
- Cafe drift : fram til nå i hovudsak for tilsette og pårørande som kjem på besøk. Ein kan kjøpe seg drikke og noko søtt.

Som ein ser av tiltaka som har vore gjort, er Nissedal på langt veg med å implementere satsingsområdene i «Leve heile livet reformen» og me ynskjer å forsette å utvikle dette tilbodet til innbyggjare i kommunen, både gamal som ung. Ein har utviklingpotesiale med tanke på å få til eit samarbeid med til dømes frivilligsentralen, for å kunne tilby enda meir aktivitet for alle i Nissedal kommune, både ung som gamal. Leve heile livet reformen avsluttast og avløyast nå av ny reform «Bu heime trygt». Samfunnskontakten vil bli ein viktig faktor i satsinga vidare.

Grunna ombygging på NOS det neste året, tenkjer einigsleiar at ressursen kan tas ned til 0,2 årsverk, då det ikkje vil vere mogeligheit til å gjennomføre så mykje meir enn dei aktivitetane ein har i dag.

Kostnad:

0,2 årsverk med en årlig kostnad på 138.000,-

Driftskostnader 30.000,-

Totale kostander : 168.000,-

SLT-koordinator:

SLT står for samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggende tiltak. SLT-modellen skal sikre at ressursane som allereie er til stades i kommunen, blir meir samkøyrde og målretta.

Samordningsmodellen knyt det lokale politiet tett saman med dei kommunale einingane og etatane, og sikrar samarbeid mellom fagpersonar og den øvste kommuneleiinga. Modellen skal koordinere kunnskap, kompetanse og ressursar mellom politiet og kommunale einingar. Målgruppa for SLT arbeidet er barn og unge under 18 år. SLT arbeidet føregår på tre nivå, i politiråd, i tverrfagleg barne og ungdomsteam og på det utførande nivå. SLT koordinator har eit ansvar for at innsatsen på desse områda er koordinert.

POLITIRÅD (Ordførar, kommunedirektør, lokalt politi, SLT-koordinator)

Politiråd er styringsgruppa for Nissedal SLT. Styringsgruppa si oppgåve er å definere dei overordna rammene for kommunen sin innsats for forebygging av rus og kriminalitet, og å innarbeide SLT-arbeidet i det lokale planverket. Politiråd består av ordførar, kommunedirektør, lokalt politi og SLT-koordinator. Det er møte i politirådet fire gonger i året.

SLT KOORDINERINGSGRUPPE/ TVERRFAGLEG BARNE- OG UNGDOMSTEAM (SLT-

koordinator, skulehelsetenesta, einingsleiar for oppvekst, kultur, barnevern, kommunepsykolog, politi) I det tverrfaglege barne- og ungdomsteamet skal ein følgje med på utvikling innanfor ungdomsmiljøet, definere utfordringar, utarbeide målsettingar, lage ein plan for forebyggjande arbeid og evaluere tiltak. Medlemene i koordineringsgruppa skal være eit bindeledd mellom politirådet, SLT-koordinator og det utførande nivået.

Gruppa møtast kvar sjetten veke, eller oftare, dersom det er behov for det.

UTFØRANDE NIVÅ (Tilsette i barnehage, skule, kultur, helse, frivillige lag og organisasjonar.)

På det utførande nivå finn vi alle som er i direkte kontakt med barn og unge. Dette kan vere alt frå forebyggjande politi til lærarar og fotballtrenarar. Denne gruppa skal kome med innspel til koordineringsgruppa og har ansvar for å gjennomføre dei tiltaka koordineringsgruppa og styringsgruppa har bestemt. Nissedal er ein liten kommune, så det vil være naturleg at fleire av deltakarane i koordineringsgruppa også er på det utførande nivå.

SLT-koordinator

I Nissedal kommune er SLT-koordinator lagt til tenesta for psykisk helse og rus, under eining for helse. SLT-koordinatoren skal vere ein pådrivar i alle ledd av samordninga. SLT-koordinatoren bør ha ei viss tilknytning til rådmannsteamet for at koordinatoren skal få den autoriteten som ofte er naudsynt.

Interkommunalt samarbeid

Det er etablert ei samarbeidsgruppe for SLT arbeid i Telemark. Det er konfliktrådet som koordinerer denne arbeidsgruppa. Gruppa skal ha møte fire gonger i året.

Det er også etablert ei gruppe av SLT-koordinatorar i Vest-Telemark som møtes ein gong i månaden. Det blir avholdt ein SLT-konferanse per år.

Arbeidsoppgåver utover dette;

Delta i planlegging og evaluering av Treungenfestivalen; natteravn-ordning under festivalen, brev til alle føresette for ungdom.

0-skadde og drepne i trafikken; samarbeide med Vest-Telemark rådet om 0-visjon og utarbeidelse og gjennomføring for å nå måla i 0-visjon plan, digitale kampanjer, jobbe mot fylket for å få på plass ein tilsett i Vest-Telemark mtp ruskjøring.

Samarbeide med ungdomsrådet.

Ungdata

Delta i planarbeid i kommunen; Oppvekstplanen, SLT-plan, folkehelse

SLT i Vest-Telemark;

Seljord; 30% stilling- forslag om auke til 50%, Kviteseid; 100% Stilling, Nissedal 0% stilling

For å få tid til å utføre alle overnevnte arbeidsoppgåver må det avsettes ein stillingsprosent, og så her i Nissedal.

Kostnad

- Lønnskostnadar 20 % fast stilling – 160.000 kr.
- Driftsmidlar
 - Natteravn – 20.000 kr.
 - Diverse driftskostnadar – 20.000 kr.

Total kostnad – 200.000 kr.

2.4 Eining for teknisk drift

Auka bevilling til vedlikehald av kommunale bustader og bygg:

Eining for teknisk drift fikk i budsjettet for 2023 auka ramma med 320.00,- til gjennomføring av vedlikehald i tre år. Pengane for 2023 vart godt utnytta, men ein ser at dette går ut over vanleg drift og at mykje av dette skal gjerast i tillegg til. Erfaringa frå 2023 er at ein i framtida må nytte innleidd arbeidskraft for å gjennomføre større vedlikehaldsoppgåver. Avdelingsleiar på teknisk har satt opp ein oversikt over kva for uteoppgåver som absolutt bør prioriterast i 2024 for å forhindre ytligare forfall;

NOS og Fjone BH;

- Leie inn målar fra 02.05.2024 til 29.09.2024 - ca. kr 450 000,-. (Her skal den delen av NOS som ikkje skal byggjast om vaskast/malast opp utvendig).
- Eigedomsmasse rundt Fjone barnehage vaskast/målast utvendig
- Måling/kjemikaliar/penslar - ca. kr 60 000,-.
- Det anbefalast og kjøpe inn stilas til jobbane her og framtidige jobbar - ca. kr 130 000,- .

Totalt kr 640 000

Dølali;

- Her er det behov for nytt tak, kledning, inngangsdører. Det er/har vert lekkasje i tak. Kostnadene her er ikkje henta inn men estimert til - kr. 1.000.000,-.
- Måling + målar – ca. kr 100 000,-.

Totalt 1,1million.

- Ein har to leilegheitar i Smeitkollen som fekk vasskadar for ein del å tilbake. Det ble i 2019 gjort ein god jobb med å drenere rundt bustadane men det var fortsatt fukt. Til slutt vart ein samde om å ikkje bygge dei opp att, og ein har nytta dei som lager. Nå viser det seg at fukta er borte og ein bør pusse de opp igjen, særlig med tanke på dagens situasjon med bustadmangel. Det er ikkje henta inn priser på jobben.

Estimert pris for ein leilegheit er - kr 600 000

- Ein bør i tillegg setje av - kr 200 000 til nødvendig oppgraderingar av leilegheiter kor det flyttar ut folk.

Nye sittegrasklipperar til uteavdelinga:

Uteavdelinga sine to sittegrasklipperar er gamle og dette resulterer i svært høge vedlikehaldskostnader og det går bort mykje til reparasjon. I 2022 og 2023 har ein nytta ca. 50-60 000 kr bare i delar og reparasjonar, samt at ein av vaktmeistrane har buka mange timar på å reparere dei. Det er derfor stort behov for å få nye klipperar.

Kostnad; ca. kr. 250.000 inkl. mva.

Uteområde Mila:

Asfalten på parkeringsplassen og gangvegar inn til bygget er blitt svært kupert. Det er særst vanskeleg for rullestolbrukerar å komme seg fram og bilane blir øydelagt av dei store synkehulla på parkeringsplassen. Det må masseutskiftas å leggest ny asfalt.

Kostnad; ca. kr. 150 000 inkl. mva.

Generelt vedlikehold kommunale bygg:

Bygningsvedlikeholdet er mye mindre enn slitasjen på bygga. Dette inneber ei verdiforringing av bygningsmassa. Det er eit stort etterslep på dei fleste av dei kommunale bygga, og dagens vedlikehaldsbudsjett held ikkje ein gogn til å dekke vedlikehald som er absolutt naudsynt. Dette kan ein sjå att i tertial og årsrapportar for dei siste åra kor eininga må be og store ekstrabevillingar for å få dekt kostnader til akutte vedlikehaldsoppgåver.

Det bør årleg setjast av ein reel sum som skal nyttast til å gjennomføre vedlikehaldsoppgåver på kommunale bygg.

Kostnad; kr. 2.500.000 inkl. mva. pr år.

Ny bil til uteavdelinga:

Bilparken til uteavdelinga begynner å bli gamal og det er behov for å skifte ut ein gamal Hiace frå 2006. Bilen som må byttast ut nyttast til kjøring av hjelpemidlar og må derfor vere ein ekstra lang type.

Ein vil be om fritak frå kommunestyre sitt vedtak om at alle kommunale bilar skal vere elektriske. Grunngevinga for dette er at dette er ein bil som nyttast til ulike formål under gjennomføring av arbeidsoperasjonar. Tildømes for å skaffe belysning ved utføring av arbeid på veg ol, vere «varmebu» ved arbeid ute i kulda.

Kostnadane for ein ny bil er på omlag 650.000,- ekskl. mva

Fartsdumper Kåsa-Solli:

Fartsdempende tiltak etter klage på høg fart på Sollivegen. Utarbeide tre stk. fartsdumpar, utforma iht. handbok og skilting ca. kr. 70 000 ekskl. mva. stk. Her kan me søke om midlar frå ein trafiksikkerheitsordning. Kostnad; ca. kr. 300 000 inkl. mva.

Diverse gateljos i Kyrkjebygda:

I Framnes byggefelt står det igjen noe arbeid med jording på noen gateljos og så manglar det ljøs i stolpen i langbakken. Ein er usikker på kostnaden.

Kostnad; Usikker (kr. 130 000 inkl. mva.)

Drift av vatntrampoline i Treungen sentrum:

Sommaren 2020 blei det kjøpt inn vatntrampoline til å ha på Nisser i Treungen sentrum. Trampolina blei i 2021 utvida med nye element. Tilbodet har vore til svært stor glede for kommunens born og unge, i tillegg til forbi-passarande og hytteturistar. Ein stor suksess på mange områder. Det har blitt ein god og sosial møteplass i sentrum for born og unge, og deira familiar. Den har også bidratt til at turistar har stoppa i sentrum for å bruke trampolina og handle i butikkane.

Drift av trampolina har vore eit samarbeidsprosjekt mellom teknisk, helse og kultur, og midlar er tatt frå ulike prosjekt. Frå 2024 vil det ikkje vere prosjektmidlar å bruke til dette tiltaket. Det er derfor eit ynskje om ein fast sum for å drifte vatntrampolina årlig.

Kostnad:

- Dykker til å sette trampolina ut og til å ta den inn – 20.000 kr.
- Basert på erfaringar frå tidlegare år er det nødvendig med tilsyn 2 gonger i veka i 6 – 8 veker av 2 personar kvar gong på sommaren. Tilsynet vil innebere etterfylling av luft og vask. Lønsutgifter – ca. 27.000 kr.
- Diverse vedlikehold 10.000 kr.

Total kostnad – 60.000 kr.

2.5 Plan

Ingen behov meldt.

2.6 Næring:

Lønstilskot sommarjobb ungdom:

Kommunen gir kr 35 i timen i tilskot for sommarjobb til ungdom mellom 16-18 år. Denne summen har ikkje blitt endra på svært mange år. Ved å auke denne til kr 50 vil det seie å auke utgifta til denne ordninga med omlag kr 17.000 (er finansiert med næringsfond).